



Arkiv: PLANID-15282017002,
FA-L13
JournalpostID: 20/5669
Saksbehandlar: Arild Sunde Rinnan
Dato: 16.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
30/20	Nærings- og utviklingsutvalet	11.05.2020

Detaljregulering masseuttak Huna II - 1. gongs politisk behandling før 1. gongs høyring og offentlig ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Planforslaget Detaljregulering masseuttak Huna II vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

Nærings- og utviklingsutvalet - 30/20

NU - behandling:

Avrøysting:

Samrøystes vedtak som kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

NU - Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Planforslaget Detaljregulering masseuttak Huna II vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjeldande reguleringsplanen for området er frå 2002. Drifta av masseuttaket har i ei lengre tid ikkje vore i samsvar med reguleringsplanen. Huna Sand AS har tidlegare søkt kommunen om ei mindre endring av gjeldande plan for å få drifta i samsvar med reguleringsplanen (2011). Denne søknaden fekk avslag. I samband med kommuneplanens arealdel i 2013 vart området for masseuttak utvida nord og austover, med eit krav om regulering før nye råstoffområde kunne bli tatt i bruk. I 2017 vart det satt i gang ein ny planprosess for å drifta i samsvar med reguleringsplan og samstundes få detaljregulert områda som vart lagt til i 2013. Denne planen blir no lagt fram for 1. gongs politisk behandling.

Saksopplysningar og vurdering

Det som har vore ei av utfordringane i denne regulerings-saka opp mot andre regulerings-saker kommunen vanlegvis behandlar, er at det i uttaksområdet skal vere ein driftsplan etter Mineralloven som blir godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplan og reguleringsplan skal utfylle kvarandre, noko som gjer at dei fleste høve som har med drifta og uttak av masse skal vere med i driftsplanen og ikkje i reguleringsplanen. Driftsplanen er eit dynamisk verktøy som kan endrast i takt med bergfaglege og andre driftsrelaterte høve. Reguleringsplanen skal fastsette uttaksgrenser, rammer for eventuell bygnader, tilkomst, fysiske miljøtiltak og krav til istandsetting og etterbruk av området etter endt drift.

Omtale av planforslaget:

Planen er utarbeida av Consilium AS v/ Erik Stabell Ludvigsen for Huna Sand AS.

Reguleringsplanområde er ein utviding av eksisterande reguleringsplan for masseuttak i området. Det omfattar eit omtrent 121 daa uttaksområde for sand og grus som ligg rett nord for elva Huna i Hundeidvik. Innanfor uttaksområdet kan det skje uttak, transport, bearbeiding og lagring av masser. Med i planforslaget er også eit areal som går frå masseuttaket og ned til strandlinja. Der ligg eit eksisterande kaianlegg som nyttast til å få sand over på frakteskip. Denne kaia og vegen til kaia vert vidareført i det nye planforslaget. Det skal og vidareførast eit naturleg vegetasjonsbelte langs elva Huna for å sikre ei kanstone mellom masseuttaket og elva.

Etterbruk og tilbakestilling av området etter endt drift

Etterbruken av uttaksområdet skal vere landbruksområde. Reguleringsplanen sett krav til kva kvalitet områda som blir tilbakeført til landbruk skal ha og korleis skråningane skal avsluttast. Forslagsstillar har til hensikt å tilbakeføre allereie utnyttta areal etter kvart som dei avdekker nye uttaksområder.

Det er i føresegna tatt inn rekkjefølgjekrav som sikrar at området blir «ordna opp» etter endt drift. Kommunen føresett at Direktoratet for mineralforvaltning stiller krav om tilstrekkeleg avsette økonomisk midlar slik at ein sikrar at rekkjefølgjekrava kan gjennomførast uansett omstende. Sykkylven kommune har gjeve fråsegn på dette temaet til driftsplanen som har vore på høyring.

Rekkjefølgjekrava:

- Flate områder, som enda ikke er tilbakeført under drifta, tilbakeføres til jorddekt fastmark med minimum 15 cm jordlag øverst.
- Konstruksjoner og midlertidige bygninger fjernes, om ikke annet er bestemt av kommunen
- Kaianlegget fjernes. Strandsona og strandlinja skal tilbakeføres til slik området var før veg og kaianlegg ble etablert.
- Endelige skråninger vil bli lagt 1:2, bortsett fra mot bebyggelse i nord-vest hvor skråningen ikke skal være brattere enn 1:3
- Skråningene skal påføres et lag med jord, slik at stedegen vegetasjon kan etablere seg

Miljøforhold

Inngrep i terrenget fører til miljøbyrder, spesielt utslipp av støy og støv. To bustader ligg nær kanten av endelig uttaksgrense. Forslagstiller opplyser at ved avdekking og legging av avsluttande skråningar vil dei næraste bustadane vere støyutsett, men at arbeidet pågår ei kortare periode.

Avstanden til øvrige bustadhus vil vere skjerma for drifta i sjølve masseuttaket. Miljøbyrdene for desse blir i hovudsak vere knytt til transporten ut frå området. Huna Sand AS må følge forurensingsforskrifta kap. 30 «Forurensninger fra produksjon av pukk, grus, sand og singel» når det gjeld støv og støy. Temaene relatert til området er elles omtalt i planomtalen punkt 6.2.1 og 6.2.2. Consilium AS har også utarbeida modellering av støy frå ein gitt posisjon med knuseren i masseuttaket. Denne viser at all bebyggelse blir liggande utanfor gul og raud sone. Det blir også konkludert med at støykrava også vil blioverholdt når uttaket endrar form og knuserplasseringa blir ei anna.

Avrenning frå uttaksområdet skal føres via slambasseng. Det er regulert eit grøntområde inn mot

elva Huna for å sikre ei kantsone mellom elva og masseuttaket. Der er etablert nokre midlertidige bygg som nyttast som kontor rett ved elva. Kommunen har akseptert at desse blir liggande på noverande stad.

Sikring av området

«Områder som kan fremstå som farlige for mennesker eller dyr, skal sikres» står det i føresegna under punkt 3.1. Det er i plankartet tatt inn eit bestemmelsesområde langs store delar av uttaksgrensa som åpner for sikring av uttaksområdet. Kommunen ser blant anna på bratte skråningar som naturleg at blir fysisk sikra i denne samanhengen.

Samla vurdering

Planforslaget har vore gjennom fleire vurderingsrundar i kommunen med dialog undervegs med plankonsulent. Dette har fått utfylt planen med krav og presiseringar som kommunen meiner er viktig for at drifta av masseuttaket og tilbakestilling av området etter endt drift skal vere mest mogleg forutsigbart for drivarane av masseuttaket, kommunen og grunneigarar i området, samstundes som at driftsmessige detaljer blir overlatt til driftsplanen etter minerallova. Kommunen ønskjer at planforslaget no blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn slik at offentlege og private kan gje innspel og tilbakemeldingar på det utarbeida planforslaget.

Økonomiske konsekvenser

Kommunen eig eit lite område innanfor masseuttaket. Dette vil gje inntekter til kommunen den dagen det blir gravd ut. Elles ingen kjende økonomiske konsekvenser for kommunen.

Eli Otterlei
kommunedirektør

Bjarte Hovland
einingsleiar tekniske tenester

Vedlegg:

15282017002 - Huna II - Føresegner
15282017002 - Huna II - Plankart
15282017002 - Huna II - Planomtale
Vedlegg_1_Varslingsliste
Vedlegg_2_Varsel_Utvidelse
Vedlegg_3_Støy
Vedlegg_4_Risiko- og sårbarhetsanalyse_
Notat om støy Mars2020
Merknader for oppstart_samla